Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3. Brynet. Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Nedstrand.

Emne: Bygdelag:

Oppskr. av: P. Husland. Gard:

(adresse): Huslan, Bråg. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Spursmaal 1:

Det vanlege ordet for bryne i Nedstrand har vore og er helst Kvasstein (ein). Det er berre umbaksvis og mest i seinaste tidi at sume seier bryne. Hein høyrer ikkje heime millom Nedstrandsfolk – det kan vera einskilde innflytjarar som brukar det namnet på kvassteinen. Derimot høyrde ein dei gamle seia: Den kvassteinen er ikkje noko tess for der er „heiden" i han – det vil seia naar det var ei stripa med kvarts eller anna slag steinart i kvassteinen som skjemde bitjarnet i staden for å kvessa. Kanskje har ein rein umbaksvis høyrt hein nemnt til aa kvessa finare bitjarn t.d. barberkniv.

Spursmaal 2

I bygda vert brukt kvasstein baade av natursttein og av kunststein; men folket her vil helst ha av natursteine um dei kan velja seg ein som dei etter ein kunnigheit finn å vera passe mjuk. Dei ripar i han med ein kniv eller spiker og stillar saa sin diagnose. Kor dei kom frå veit eg ikkje visst.

4133

Her vart gjort ein freistnad med eit pröveskjerp etter kvasstein paa garden Tatsvaag oppe ved Lysevatnet kring hundraar skiftet. Det vart ikkje halde fram med det, avdi kvasssteinen ikkje synte seg av beste slaget, — den var for mjuk.

Spursmaal 3:

Ja det er slik, at reidskapet först blir slipt paa ein rund slipestein som vanleg. Unnatakvis kan det vera med barberkniv avdi slipesteinen paa dei vanlege gardane er for grov til det bruket. Etter reidskapet er slipt vart det etterpaa kvesst med kvasstein.

Spursmaal 4:

Her lever no ikkje nokon som hugsar tynnel=
=ljaaen i bruk. Men i min ungdom for vel 50 aar sidan höyrde eg dei gamle i samröda tala om tynneljaaen i sine fedras tid. Soleis brukte mor min bestefar tynneljaaen kring 1830 aars tidi ([illegible]). Om sigd vart havd sama paa same maaten veit eg ikkje om.

Saa til seia paa kvar gard var der ei lita smia. Husbonden var som oftast jamt over ein nevenyttig kar, som i smia si tynna ljaaen sjölv. Eg har ikkje höyrt fortalt om, at det var brukt andre ambolt til denne tyn=
=ninga. Ambolten og skruestet som bestefar min brukte i smia si har eg liggjande.

Denne ambolten er rett nok ikkje heilt slik som ambolten i ei vanleg smia idag. Ambolten er nemleg avspeta i eine enden og avrunda der. Er nærmast slik ut 

Om dette kan ha noko med ljaatynning veit eg ikkje. Tynninga av ljaaen vart företeken naar ljaaen vart alt for tung å slaa med. Da var det å gå i smia.

4133

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Spursmaal 5:

Nokon større stein stilt liggjande til aa føra reidskapet att og fram på eller nokon mindre soavorein stein har ikkje eg høyrt tale om her i bygda. Ein annan ting er det, at her no til dags av og til vert brukt kjøpekvassteinar ogsaa paa gardane til aa knika høvelfannia paa. Desse kvassteinane (støypesteinar) er noko grovkorna paa eine sida og finkorna paa andre.
Slipesteinen vart aldri teken med ut paa slaatteteigen. Til vanleg hadde slaatte=karen med seg so mange oppslipte ljåar at han greidde seg til næste matøkt, og daa slipte han opp til matøkta etter.
Slipesteinen stod heime i gardstunet i ein krakk med vatstrog under. Til aa snu eller draga den vart brukt noko ymse greier. „Slipesteinstreen" som dei kalla det. Det kunne vera ein liten jarnsveiv, der den som snudde sat. Eller sveivene kunde vera av tre sameleis laga. Det kunde ogsaa vera ein sveiv med langt handtak, slik at den som snudde stod og snudde. Det var vanleg å leggja fleskesvoror i akslingslageret, for at steinen skulle gaa lett. Det var arm å gjera, ikkje minst under framslipinga av nye ljåar. Der fanst ogsaa ein og annan som hadde kjullager under slipesteinakslingen.

Spursmaal 6.

Det var saa ymse med kor lang tid ljåane vart brukte. Reint utøyde slaatte=karar greidde å halda ljåane sine kvass utruleg lenge. Likeeins var sume uvanleg

4133

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

dugande med kvassteinen, slik at dei
kunde halda ljaaen kvass i lang tid
utan sliping. Vanleg var det, at ein
dugande slaattekar heldt ljaaen sin kvass
mykje lenger enn ein mindre dugande.
Det aa vera dugande slaattekar gjekk
til gjetord av i eldre tider og imedsomen
fekk ein førsteplassen på dansekorve.
I vaare dagar vart ljaaslaatt snart avlegs
ogsaa her paa mange gardar.

Spursmaal 7:

I vaare dagar brukast berre eit slag bryne.
I eldre tider brukte dei først kvassteinen. Deretter
brukte dei „straaga" som dei kalla det. Det var ein
slags bryne av hardt tre, oftest av ask eller bulig
ogsaa kanskje av og til av kristtorn. Denne „straaga"
bruka dei til aa draga etter egga paa ljaaen
berre tva tri gonger. Denne brynen var ikkje
paakleint korkje tjøra eller sand. Denne
var laga til føremaalet, um vinterkveldane som
saa mykje anna i farne tider. Den var ofte
teken med ut på slaatteteigen slik som
kvassteinen.

Spørsmaal 8:

Ljaaen vert teken av orvet, naar den skal
slipast, utan omsyn til festegreine. Sume
held egga mot seg ved sliping, andre held
egga fraa seg. So var der andre som slipte
like godt anten dei held egga mot eller fraa.

Spursmaal 9.

Naar langljaaen skal brynast saa vert den stanga
i marka med enden av orvet (langorvet) og saa
syter slaattekaren ljaaen fraa seg under bryninga.
Med stuttorvet gjer han det slik, at han kastar
beina i kors over orvet og brynar med ljaaen vendt
fraa seg.

4133

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Spursmaal 10:

Den koppen dei gamle bar kvasstein og straaga i heite skålp og var av tre som vanleg. I vaare dagar brukar dei ikkji skålp, men ber kvassteinen i bukselomma.

Spursmaal 11:

Nei noko skålp av okse eller kuhorn har eg ikkji høyrt tale om paa vaare kanter, men likevel kan sovorne reint unntaksvis ha vore i bruk, om eg ikkje har sett eller høyrt om sovorne.

Spursmaal 12:

Skålpen var festa i ei slaattereim, slik at den hang i ein krok paa høgre sida.

Spursmaal 13:

Dei gamle hadde vatn i skålpen dei bar kvasstein og straaga i. Noka anna smur-
=ning veit eg ikkje om, at dei bruka.
I vaare dagar stryk dei kvassteinen i graset om saa er at det er dagga. Elles spyttar dei berre paa kvassteinen.

4133
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING